

Pressemelding

Førde, 15. oktober 2010

Enivest set superfart på Slåttebakkane

Enivest held fram utbygginga av fiber i Førde, og startar no opp i Slåttebakkane.

Feltet har vore under vurdering ei tid, og no skal altså legging av fiberkablur i Slåttebakkane skje.

– Oppslutninga om superbreiband i Slåttebakkane har vore særdeles god. Likevel har vi brukt litt tid frå salet byrja til avgjerd om utbygging vart teken. I tillegg til god oppslutning, må ein finne dei gode og kostnadseffektive løysingane som gjer utbygging lønsamt. På grunn av all asfalteringa og dei store tomtene i Slåttebakkane har dette vore ei utfordring, men no er vi i mål, lovar Arild Fleten, Enivest AS sin prosjektleiar for Fiber til Heimen. (FTH)

Eksisterande breiband for dårleg

For Slåttebakkane sin del er tilbodet om fiber sær etterlengta. Mange slit med å få skikkeleg fart på breibandet som eksisterer i Slåttebakkane i dag.

– Mellom anna er linjeavstanden til dagens telesentral så stor at kundar går glipp av nye bandbreiddekrevjande tenester. Med fiber vil kundane som i dag slit med å få godt breiband få tilgang til superraskt internett og dei moglegheitene dette byr på, som skreddarsydd fjernsynstilbod, trygg og rimeleg telefonløysing med meir, fortel Fleten.

God framdrift

Slåttebakkane er det tiande byggefeltet der Enivest bygger ut fiber i Sogn og Fjordane. Med smått og stort har Enivest 16 ulike FTH-prosjekt, frå store felt til enkeltstående bygningar.

– Framdrifta i Førde byrjar å bli bra, og det er på tide vi ser mot nabokommunane. Vi har merka at produktet er etterspurd og godt kjent i Førde og at dei fleste no veit kva dette dreier seg om, avsluttar han.

Eninvest AS satsar på fiber på Nordfjordeid

Myklebuståsen er den første feltutbygginga av fiber på Nordfjordeid for Eninvest. Feltet blir bygd ut i samarbeid med SFE.

– SFE og Eninvest startar fiberutbygging til det første store byggjefeltet på Nordfjordeid. Kombinasjonen av relativt nytt byggjefelt, eksisterande infrastruktur, riktig pris og god oppslutning, er årsaka til at vi går i gang. Av erfaring reknar vi med at fleire kundar vil nytte høvet til å bestille i løpet av byggeprosessen. Ferdigstilling er planlagt til våren 2011. Frå før har Eninvest selt fiber til privatkundar i Sjukehusvegen og Messehagen, men dette er første store byggefelt i Nordfjordeid, seier Arild Fleten, Eninvest sin prosjektleiar for Fiber til Heimen (FTH). – Det er gledeleg å sjå at FTH-satsinga spreie seg utover fylket. No er vi tilstades i Florø, Førde, Stryn og Nordfjordeid, fortel Fleten, som også kan melde om at dei har starta sal av fiber i det første byggjefeltet på Sandane.

God infrastruktur

Ei årsak til satsing i Nordfjordeid er den gode infrastrukturen der.

– Ein av våre eigarar har lagt godt grunnlag i Eid kommune i form av infrastruktur. Historisk sett har vi mange kundar i Eid gjennom utbygginga av ADSL og fiber til bedrifter, seier Fleten.

Pådrivar

Sogn og Fjordane er framleis sinka i klassen. Det skal Eninvest gjere noko med.

– Vi skal framleis vere ein viktig pådrivar for å sikre framtidens infrastruktur til innbyggjarane i Sogn og Fjordane. Fylket vårt ligg på desidert siste plass i landet på statistikken over kundar som kan få tilgang til breiband over 25 Mbps. På sikt reknar vi med at det offentlege må inn med insentiv om eit så utfordrande fylke skal bli fullt utbygd. Inntil vidare byggjer Eninvest ut område det er mogeleg å forsvare av forretningsmessig omsyn, seier Fleten.

Fakta:

Fiber:

Ein fiberoptisk kabel formidlar lyssignal i staden for straumpulsar, noko som gjev enorm fart og kapasitet samanlikna med tradisjonelle kablar for telefon- og kabelfjernsyn. Driftssikkerheita er også mykje betre. Fiber er framtidas motorveg for informasjon.

Fiber frå Enivest:

Med Enivest Fiber er du budd for framtida, og nye tenester som krevjar høgare kapasitet, med superraskt internett på 10, 25 eller 50 Mbps – begge vegar. Ver på nett døgnet rundt, og opplev ei heilt ny røynd når du lastar opp store filer. Etter kvart som flyten av informasjon på internett aukar, blir opplasting av filer desto viktigare. Fiber erstattar parabol- eller UHF-antennar, og gjev sylskarpe bilete og fantastisk lyd. Enivest har avtale med Get om levering av digitalt fjernsyn via fiber, med leige av film via fjernkontroll. Med fiber får du også tilgang til breibandstelefonti, skreddarsydd etter dine behov.

For ytterlegare informasjon, ver venleg kontakt:

Arild Fleten

Prosjektleiari for Fiber til Heimen, Enivest AS

e-post: arild.fleten@enivest.no

Mobil: +47 97 05 43 76